

# Øy Nytt

Kvikkjekk for Øygarden



*Velsigna  
Julehelg!*



I dette  
nummeret  
kan du  
m.a. lese:

30 år i teneste for Herren ..... side 7



Konfirmantar på leir ..... side 9



Julehelsing frå Afrika ..... side 11



Julehelsing frå ordføraren ..... side 14



# Kva for ei natt er dette?

I boka ”Kristuslegender” fortel Selma Lagerløf om Julenatt slik ho tenkjer seg det gjekk føre seg.<sup>1</sup>

Maria har nett fødd Jesus, og det er kaldt i den vesle hola der ”den heilage familien” har funne rom.

Josef må difor gå frå hus til hus for å låne varme. Men det er ingen som svarar når han bankar på dørene i Betlehem.

Endeleg får han sjå lyset frå eit bål på marka. Mange sauver ligg og sov rundt varmen, og ein gammal gjetar passar på.

Men her er fleire dyr. Tre store hundar reiser seg og går mot Josef. Sjølv om dei ikkje gjer han noko kjem han seg ikkje fram til bålet for å få tak i kol. Han går då opp på saueryggane, og ikkje éit av dyra vaknar.

Men gjetaren er ikkje god. Han kastar den spisse kjeppen han vaktar sauene med mot Josef. Men treff ikkje.

Josef ber då gjetaren: ”Kan du hjelpe meg, eg må få låne litt varme! Maria, som eg er trulova med har nett fødd ein liten gut, og eg må tenna bål for at vi ikkje skal frysa i hel!”

Gjetaren hadde lagt merke til at Josef ikke var blitt skadd av hundane og kjeppen, og at sauene ikkje hadde vakna. Så han fekk seg ikkje til å seia nei til Josef.

”Ta så mykje du treng”, sa gjetaren. Bålet var no nesten brunne ned, så det var ikkje meir ved, berre ein stor haug med glør, og Josef hadde ikkje noko å bera kolet i.

Men Josef bøygde seg ned, tok det glødande kolet ut or asken berre med hendene, og la det i kappa si. Kolet svidde korkje hendene eller kappa til Josef.

Gjetaren syntest alt dette var merkeleg. ”Kva for ei natt er dette?” Hundane bit ikkje, sauene vert ikkje redde, staven traff deg ikkje, og no brenn du deg ikkje på elden!”

Josef svara: ”Dét kan eg ikkje seia deg! Men du kan koma og sjå sjølv!” Difor følgde gjetaren etter Josef til ”hølo” der Maria og barnet låg.

Gjetaren vart rørt og tenkte han fekk hjelpe barnet. Frå sekken sin tok han fram eit saueskinn, gav det til Josef og

sa at Jesusbarnet skulle få sova på det.

Men i den augneblinken var det som han fekk sjå noko han før ikkje kunne sjå, og høyrdé noko han tidlegare ikkje kunne høre.

Rundt ikring han sto det nemleg ein flokk med englar. Kvar einaste av dei hadde eit instrument som dei spelte på mens dei song ein utruleg vakker song

*”fred på jorda, bland menneske som Gud har hugnad i!” (Gloria),* same songen vi syng i kvar gudsteneste!

*Englane song høgt at Frelsaren er fødd! At Han skal frelsa alle menneske frå syndene deira!*

No skjøna gjetaren kvifor alt hadde vorte så anngleis enn han var vant med.

Og no såg han at det var englar over alt! Ikke berre inne i hola, men på fjellet rundt, på marka, ja, til og med på vegen gjekk dei. Og dei dansa i lufta over Betlehem!

Alt dette fekk ein fattig gjetar som hadde hatt det trist, tungt og vanskeleg i livet, oppleva og sjå på Betlehemsmarkene.

Men no bøygde han seg for Jesusbarnet og takka og prisa Gud.

*Og no vil presten, som sjølv er ein fattig syndar, bøye seg for Jesusbarnet som vi i dag har lagt i døypefonten!*

Selma Lagerløf sluttar forteljinga si med å seia:

*Gud må óg få opna våre augo slik at vi kan få sjå Jesus!*

I adventstida hadde ein liten 6-åring på ein av skulane i Bergensområdet nett hørt denne vakre forteljinga då han berre måtte få sagt det han tenkte:

*Gjetaren var ond, men han vart snill når han møtte Jesus!*

*”De kjenner vår Herre Jesu Kristi nåde, at han for dykker skuld vart fattig då han var rik, så de ved hans fattigdom skulle bli rike.”(2.Kor.8,9)*

*Velsigna Jesus-Jul!*

*1) Frå julatanspreika i Øygardskyrkjene 2007:  
http://www.kyrkja.net/241207.htm*

*Her attgjeve etter: Framtidslandet, IKO-forlaget 1999, s.58-61. ISBN 82-71112-471-4.  
E-post: svennam@hotmail.com*



## Den norske kyrkja i Øygarden



### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør:	Margit LiljanApelthun
Kontingent:	Min. kr 100,- pr. år innan kommunen Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonser:	kr 100,-
Kontonr.:	3628 07 02557
Layout/trykk:	Grafisk Team AS
Distribusjon i Øygarden:	Hurtiglevering, Tjeldsto tlf. 98 66 53 29

### Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse:	Helse- og tenestesenteret, Rong
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	56 38 22 40
Faks:	56 38 22 41
Vakttelefon:	56 38 22 44
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>

### Internetsider:

**www.kyrkja.net** måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorsekretær	Kari Sandøy Rong
e-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog	Trine Overå Hansen
e-post:	<a href="mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net">kyrkjelydspedagog@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 47

Kantor	Anne Lise Grøm
e-post:	<a href="mailto:kantor@kyrkja.net">kantor@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest	Svenn Martinsen
e-post:	<a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje	Anlaug Børve, vikar for Odd N. Thormodsæter
e-post:	<a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:	tlf. 56 38 70 22
Blomvåg kyrkje	<a href="mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net">blomvag.kyrkje@kyrkja.net</a>
e-post:	Kåre Kristoffersen
Kyrkjetenar/	Mobil: 911 05 197
Kyrkjegardsarb.	Ole Vik
Klokkar:	

Hjelme kyrkje	tlf 56 38 80 30
e-post:	<a href="mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net">hjelme.kyrkje@kyrkja.net</a>
Kyrkjetenar/	Kjellaug og Raymond Vik
Kyrkjegardsarb.	

Råda:	
Blomvåg sokneråd:	Leiar: Olaug Merete Rong
Hjelme sokneråd:	Leiar: Atle Dåvøy
Øygarden	
kyrkjelege fellesråd:	Leiar: Gustav Landro

### Beredskapordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før **5638 2244**.

”

1. Eg hev ei tenesta stor for Gud  
Frå dag til dag i det stille, Der  
kvardagsklædi vert høgtidsskrud og  
livsens småting so gilde. Ja, skal eg  
eingong det store få, Eg må med truskap  
i alt det små I Jesu fotefar lydig gå Og  
vilja det Jesu vilde, Og vilja det Jesus vilde.
2. Når då eg spør meg kvar arbeidsdag : Kva  
vilde Jesus vel gjera ? So gjev han livsmod  
og arbeidslag, So livet pravar mi lèra. Um av  
og til det vert kvardagsgrått, so det i striden gjeng  
tungt og trått, Med bøn og bibel vert allting godt  
for Jesus vil krafti vera.
3. I alt Guds vilje er underfull, Han hev til ordet  
seg bunde, Der perlesteinar og sylv og gull til  
livsens byggverk vert funne. Og når det eingong  
for ålvor gjeld, Og livet prøvast skal gjennom eld,  
Guds eige byggverk si prøva held. Av småting vert  
storverk vunne.
4. So er mi tenesta stor for Gud, Og heimen han er  
mi kyrkje, Der arbeidstrøya er presteskrud I alt mitt  
ærlege yrke. So er det heime i stova fred, Til alt mitt  
arbeid stig englar ned, Dei hev Guds rike velsigning med,  
som dagen so er min styrke.

Denne salmen vart meg kjær alt i ungdomen. Eg nynna ofte på den i ein strevsam og utfordrande kvardag som sjukepleiar. Anten vi arbeider med sjuke eller har ei anna oppgåve i livet, så er det å vera ein tenar å gå i Jesus sine fotefar. «Med bøn og bibel vert allting godt». Slik uttrykkjer Mathias Orheim seg, og det er visst og sant. Gud gjev dagleg den kraft og styrke me treng gjennom bøn og ved Hans Ord.

Så kan vi spørja Han som skapte himmel og jord: «Kva ville vel Jesus gjera ?» Når Guds Ord er vår rettleiar er me på trygg grunn. Jesus kom til vår jord som Rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far og Fredsfyrste. Han har lova å vera med oss alle dagar. Guds kjærleik gjer ein glad i tenesta, uavhengig av arbeidsoppgåver. Det er gleden i Herren som er vår styrke.

*Inger Marie Håskjold Pahr*

Eg utfordrar Britt Berentsen til å skriva «Min salme» neste gong.

## GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN



Torstein Renså, Aril Sanden, Sølvi Breivik og Arne Sæle.



Laila Sanden.



Olav Bø og Martin Blom som "Sølvugutane".



Nina Forstrønen og Elin Dåvøy.



*Inger Marie  
Håskjold Pahr*

# I. Thomas Celius Heiberg-Jacobsen

**LES og abonner på avisens:**

# KRISTENFOLKET

No. 1 - 21. april 1961. LAGD AVISSEN FRAH til Haug og Hordaland.

Mr. Olav gr. Mr. Paasche m. 12400 21. Avgang.

«Avishodet» til den siste utgåva av «Kristenfolket» redigert av J. Dahl. Avisa gjekk inn etter at Heiberg-Jacobsen døydde.

Då vår gode lensmann Bjørn Sæle i fjar rydda ut av lensmannskontoret «rett over gongen» frå kyrkjekontoret, kom han over diverse verdfullt kyrkjeleg stoff som ein av forgjengarane hans hadde teke vare på.

I dette og eit komande ØyNytt skal vi sjå litt på to av dei tidlegare prestane i Øygarden, før kalla Herdla Prestegjeld.

5. mars 2009 er det 40 år sidan sokneprest Thomas Celius Heiberg-Jacobsen fekk heimlov, 65 år gammal. I nekrologen seier biskop Per Juvkam<sup>1</sup>:

«Sokneprest Thomas Heiberg Jacobsen avgikk plutselig ved døden... Hans bortgang vil vekke vemod i vide kretser, både blant kolleger og hans mange venner, særlig da i Bjørgvin bispedømme hvor han har hatt det meste av sin prestetjeneste.

Denne gang hadde han ligget bare noen få dager på sykehus, men sykdommen hadde han kjempet med allerede i mange år. Typisk for sokneprest Heiberg Jacobsen var dét han sa, da jeg møtte ham igjen etter hans første sykehusopphold. Det var ikke sykdommen i og for seg han var mest opptatt av, men om dette ville bety at han måtte trekke seg tilbake fra prestetjenesten før tiden.



Sokneprest Thomas Celius Heiberg-Jacobsen 1904-1969.

Sokneprest Helberg Jacobsen gikk opp i sin tjeneste med liv og sjel. Til dette bidro i høy grad hans varme menneskelighet og hjertet til for medmennesker. Han hadde et sjeldent vinnende vesen, og venner vant han også hvor han kom. Men fremfor alt var Thomas Heiberg Jacobsen grep av Kristus, og hans livs mål og mening ble dette å være et vitne om hva han hadde fått, og hva han eiet i samfunnet med sin Frelses...»

### Barndom, ungdom og studietid

Sokneprest Thomas Celius Heiberg-Jacobsen vart fødd i Haugesund og var son av kjøpmann Thomas Jacobsen og Inger Cecilie, f. Stenbro. Han vaks opp i ein særstak familie,

heile 14 søskener var dei. Han snakka ofte om barndomen og den første ungdomstida i «silda-byen» og gav sterkt uttrykk for glede og takksemd for at han hadde fått vekse opp i ein kristen og harmonisk heim. Når mor og far kom til kyrkja med barneflokken på søndags føremiddag, fylte dei ein heil benk. Den teoretiske utdanninga hans vart fullført ved MF i 1933.

### Livsløp

Heiberg-Jacobsen høyrd med til dei store prestekulla i 1930-åra, og det var ikkje lett å få fast presteteneste. Han vart ein av mange som måtte reise frå stad til stad for å gjera teneste i kristne organisasjonar og i ledige prestestillingar.

Si første oppgåve fekk han i Møre og Romsdal krins av Blå Kors i 1934. Frå 1939 og heilt til 1967 var han så redaktør for avis til Norges Kirkelige Landslag «Kristenfolket». Det gjekk nok opp og ned med økonomien, og han hadde aldri løn for arbeidet. Når underskotet vart heller stort, «... betala han ...av eiga kasse.» Den siste redaksjonssekretären seier om bladet si line: «Det måtte bli den kirkelige og kristelige...og etter godt ortodoks mønster.»<sup>2</sup>

Han vart landssekretær i Menighetsbevegelsen frå 1943, og i 1953 vart han utnemnd til stiftskapellans i Bjørgvin. I denne tida

styrde han ledige prestekall svært mange stader, ikke minst på Sunnmøre, og han var i ei årrekke busett i «jugend-og indremisjonsbyen» Ålesund.

Frå Ålesund Prestegjeld har vi to vitnemål: «Han hadde slik en god evne til å komme på talefot med sine medmennesker, i alle lag av befolkningen. Han var også slik en villig og trofast tjener,- ikke minst når det galdt de små tjenester som ikke pranget for mengden. Sin forkynnelse tok han meget alvorlig for å kunne gi sine tilhørere det aller beste...»<sup>3</sup>

Den ikkje ukjende soknepresten i Ålesund på den tida, den seinare «Ishavsbispen» Monrad Norderval, sende telegram til minnestunda etter gravferda frå Herdlakyrkja mandag 10.mars:

«Uforglemmelige venn. Takk for din trofasthet i vennskap helt fra ungdommen av! Takk for din uselviske gjerning i Den norske Kirke! Jeg tror den er godkjent av Den Høyeste!»

I 1959 var han assisterande sjømannsprest ved Sjømannskyrkja på First Place, i Brooklyn, NY. Arbeidet i Sjømannsmisjonen var han seinare sterkt engasjert i.

### **Prest i Øygarden og Herdla**


Då den omtykte sokneprest Einar Tesdal flytta frå det som då var Herdla Prestegjeld, var det nett Heiberg-Jacobsen som vart utnemnd til hans etterfølgjar i 1960.

I 1964 vart Øygarden Kommune oppretta, og i 1967 Øygarden Prestegjeld. Men sjølv om Arnulf Kvarstein då vart sokneprest her, fortel kjeldene at Heiberg-Jacobsen heldt fram som prest ved kyrkjesteden vigd til Den Heilage Nikolas<sup>4</sup> til han då brått vart teken ut or tida i 1969. Det ser ut som «rest-Herdla» Prestegjeld vart lagt ned etter dette, og gjort til sokn i Askøy Prestegjeld.

Dagen-journalist Ludvig Jerdal skriv om prestetenesta hans mellom oss: «I Herdla kom han snart i sær god kontakt med alle. Han var eit sjarmerande og festleg menneske og ein god ven. Han gløymde aldri ei velgjerning, og han ytte alltid mangefald att. Hjarta hans var veikt i dei seinare år, so det var rett som det var at han måtte på sjukehuset. Men han heldt ut, og han kunne, som dei gamle nordmenn, skjemta med sine sår... Han var ortodoks i teologien, og på bylgjelengd med lekmannsrørsla. Men vidsynt i beste mening.»<sup>5</sup>

### **Gravferdsdagen**

Det var gamlebispen Ragnvald Indrebø som gjorde teneste ved gravferda til sokneprest Heiberg-Jacobsen. Den store Herdlakyrkja, som òg var vår hovudkyrkje i så mange år, og som mange av våre eldre frå Misje og Turøy i sør til Alvheim i nord aldri kan gløyme i glede og sorg,



Sokneprest Tor Dag Kjosavik ved Heiberg-Jacobsen sin gravplass i nærleiken av altaret og koret i Herdla kyrkje, 2007. Skriftord fra Sal.121 er sett på gravsteinen.

var då fullsett av «en andekting forsamling. Elleve prester i ornat var til stede, og (biskopen)talte inderlig over Rom.5. om rettferdigjøring og tro, ved Jesus Kristus. En hel del var fremme og la ned kranse med takkens ord... Så var der etterpå samling i «Solrenning», et samlingslokale,... – Solen skinte så varmt, det var som om den kastet sitt lys og sin velsignelse over det hele. – Og nå hviler vår kjære venn tett ved inngangen til den kirken som ble hans siste virkeplass her på jord.»<sup>6</sup>

«Slik vil vi huske ham: det lyse og hjertevarme medmenneske, den helhjertede kristne, som presten hvis store livsmål var å tjene evangeliet, overfor det enkelte medmenneske og i møte med de mange.

Mange vil minnes Thomas Heiberg Jacobsen i dyp takknemlighet.

Vi lyser fred over hans minne!»<sup>7</sup>

*Redigert av Sokneprest i Øygarden  
Svenn Martinsen*

1 Per Juvkam i «Dagen» 17.mars 1969, og i den siste utgåva av «Kristenfolket», nr.3, 21.april 1969.

2 Red.sekr. Johs.Dahl i den siste utgåva av «Kristenfolket», sjå over.

3 Georg Hopland i den siste utgåva av «Kristenfolket», sjå over.

4 <http://www.kyrkja.net/241207.htm>

5 I den siste utgåva av «Kristenfolket», sjå over.

6 Red.sekr. Johs.Dahl i den siste utgåva av «Kristenfolket», sjå over.

7 Per Juvkam i «Dagen» 17.mars 1969, og i den siste utgåva av «Kristenfolket», sjå over.

# Ny biskop i Bjørgvin: Kristensosialist og humorist

Den nye biskopen i Bjørgvin bispedømme heter Halvor Nordhaug.

Av de nominerte kandidatene hadde Halvor Nordhaug (55) fått klart flest stemmer fra alle grupper med stemmerett, både nasjonalt og i Bjørgvin. Det er ikke ofte en biskopkandidat får et så overveldende tillitsvotum. Halvor Nordhaug tar over som biskop etter Ole D. Hagesæther som er gitt avskjed i nåde fra 1. januar 2009.

## Drøfte viktige veivalg

– Som biskop i Bjørgvin ønsker jeg å skape møteplasser der både prestene og andre medarbeiderer kan få møte biskopen og ta del i ordskiftet om strategiske veivalg i viktige saker. Jeg ønsker at visitasene må inngå i en langsiktig, kyrkjelydsbyggende prosess der biskopen sammen med de andre medarbeiderne analyserer situasjonen og trekker opp linjer for framtiden, sier den nye biskopen.-

– Som åndelig leder vil jeg gjøre mitt til å styrke diakonien i bispedømmet. Det åndelige må ikke bli så åndelig at vi ikke ser den sosiale og kroppslige nøden rundt oss, sier Nordhaug.

Han peker også på at han har vært aktiv i økumenisk samarbeid i mange sammenhenger, og at det har formet troen hans og teologien hans.

– Jeg vil arbeide for å styrke kristen enhet i Bjørgvin, slår han fast.

## Hjertesaker

Nordhaug har mange hjertesaker. Menighetsbygging er én. Vern om skaperverket er en annen. Det samme gjelder diaconi, som Nordhaug mener er det føltet Den norske kirke er svakest på.

– Vi er gode på ord, mange av oss, og ganske gode på gudstjenester. Men vi er dårligere på å gjøre troverdige handlinger. Hvorfor er Frelsesarmeén så populær blant folk? Det er ikke fordi de har så veldig kul forkynnelse, men fordi alle vet at de gjør noe. De bryr seg.

– I kirken har vi plassert mye av dette arbeidet hos Kirkens Bymisjon. Jeg mener at vi i store grad må finne det kristne kjærlighetsspråket også i lokalmenigheten, sier han.

Han har et godt forhold til alle biskopene, men ser at de ikke alltid har opptrådt like samlet som kollegium.

– Med utgangspunkt i det siste kirkemøtevedtaket om homofilisaken får

man finne en vei fremover, selv om det er et vedtak som på prinsipielt grunnlag er lett å angripe, sier han.

## Lei homofilidebatten

Svært ofte er det homofili som blir det sentrale spørsmålet når mediene tar kontakt med biskekandidatene.

– Er du lei av det?

– Ja, men jeg skjønner også at det blir slik, for det handler om menneskers seksualitet og liv. Likevel skulle jeg ønske at fokus lå andre steder, for jeg tror at de egentlige teologiske skillelinjene går dypere: om det er frelse i dåpen og om mennesket er stilt slik at det må komme til en forsoning med Gud gjennom syndstilgivelsen. Vekten må ikke skyves så mye over i det politiske at frelsen fra Gud fordamper, sier han.

## Synd og nåde

Forkynnelsen av synd og nåde er selve fundamentet som Halvor Nordhaug har stått på gjennom livet. Selv om han er kjent som en glad debattant og humorist, ønsker han også å vokse i troen. Hver morgen reiser han fra hjemmet med en Kristuskrans i hånda mens han ber sin daglige

morgenbønn, og veldig ofte innleder han arbeidsdagen med morgenandakten på MF.

– Dersom troen skal forme våre liv, må den få plass. Det du ikke gir tid, preger deg ikke, sier han.

Et regelmessig andakts- og gudstjenesteliv er derfor noe Nordhaug ønsker å legge vekt på. Det er også kristen meditasjon og opphold på retreat.

– Det å hvile i Jesu nærvær og være omgitt av Ham på alle kanter, tror jeg absolutt flere kunne hatt glede av. Det er så mye stress i livet til folk flest, sier han.

## Gleden over en god debatt

Halvor Nordhaug utviklet sansen for høylydde diskusjoner som MF-student tidlig på 70-tallet. Siden har han vært en ivrig kirkedebattant.

– Jeg har lært meg at meningsdannelse skjer gjennom ordskifte. Jeg synes det er positivt å fremsette påstander for å kunne bryne meg mot andres meninger. Av og til har jeg vært i overkant bråkjekk, men da har jeg også fått så ørene flagret – vel fortjent, sier han og smiler.

Historier fra MF-kantinen på 70-tallet forteller om ringer av tilhørere rundt ivrig debatterende studenter, med blant andre Trond Bakkevig, Egil Morland, Finn Jarle Sæle, Erling Pettersen, Astri Hauge – og noen ganger også Halvor



Halvor Nordhaug ble fredag 28. november utnevnt til biskop i Bjørgvin av kirkeminister Trond Giske.

Nordhaug i sentrum. Som kristensosialist holdt han parolen «teologisk konservativ – politisk radikal» høyt, og som studentrådsleder kjempet han blant annet for likelønn for alle ansatte på MF. I studenttinget stemte han med Grønt Gras, og i 1973 drev han valgkamp for Otto Hauglin (SV) i Østfold – selv om moren var kandidat for KRF i samme fylke.

– Det var nok hardt for mor at sønnen agiterte for motparten, sier han.

## Bakgrunn

Halvor Nordhaug har sin teologiske utdannelse fra Menighetsfakultetet. Ved siden av å bli biskop for det bispedømmet i landet som har flest sokn, blir han også biskop for Sjømannskirken, de norske kirkene i utlandet. Han blir vigsla til sin nye tjeneste 8. mars neste år.

Halvor Nordhaug er født 26. februar 1953. Han er gift, og har tre barn.

Fra 1981 til 1986 var Nordhaug tilslatt i Den norske sjømannsmisjon som prest for norske studenter i utlandet. Tjenesten innebar også gudstjenester for fastboende nordmenn i Europa. Deretter var han i fem år teologisk konsulent i Mellomkirkelig råd for Den norske kirke. Fra 1991 til 1995 var han kapellan i Ås. Siden 1995 har han vært rektor ved Praktisk-teologisk seminar ved Menighetsfakultetet.

(Hentet fra KIT og LYS OG LIV 5/2008)

**Praktikumsrektor Halvor Nordhaug ble i statsråd fredag 28. november utnevnt til ny biskop i Bjørgvin. Han blir bispevigsla i Bergen Domkirke søndag 8. mars.**

## Vi gratulerer!

Svenn Martinsen/sokneprest

Annlaug Børve/kyrkjeleverje

# Takksam for 30 år i teneste for Herren

Sokneprest Svenn Martinsen feirar i år 30 årsjubileum for sin ordinasjon i Fanakyrkja 30. august 1978. ØyNytt markerer jubiléet med ein bilet- og illustrasjonskavalkade, frå desse presteara i Forsvaret, Bud i Romsdal, Sotra og no i Hjelme og Blomvåg.

– Jesus Kristus har aldri gjort meg anna enn godt. Eg skjønar Han ikkje alltid, men Han har halde meg fast i tru og teneste. Eg vil difor gjerne trufast stå på Hans Ord og i Hans kall så lenge eg har krefter, seier sokneprest Svenn Martinsen.


Det programordet eg fekk då eg vart kalla til tenesta i Øygarden var dette, seier Svenn: «Eg takkar han som gjorde meg sterkt, Kristus Jesus, vår Herre, fordi han synte meg tillit og sette meg til tenesta» (1. Tim. 1:12)

Han legg til at ein av inspirasjonane som har fulgt han gjennom prestetenesta er denne bona av stiftsprost Gustav Jensen:

«La oss be: Herre Jesus Kristus, du som har kalt også denne min menighet til å samles med deg i dine skjønne gudstjenester og vil mette den med ditt hellige ord og ditt legemes og blods sakrament og nådig ta imot dens ydmyke takkoffer og se på det som en dyrebar sak, jeg ber for menigheten og ber for meg selv: Fyll våre gudstjenester med din sannhets Ånd, så de kan være gudstjenester i ånd og sannhet, og så at vi kan kjenne at der hvor to eller tre er sammen i ditt navn, der er du selv midt iblandt dem og velsigner dem.

Gi at vi med åpne hjerter sammen kan høre ditt ord og gå frem i sannheten ved dine hellige apostlers undervisning. Gi at vi sammen kan få motta deg i ditt dyre sakrament og i det eie ditt offer på korset og ditt liv og din rettferdighet. Og gi oss, kjære Herre, vi som tar imot alt fra deg, at vi også bringer deg vårt hjertes offer tilbake, et offer med botens salt, med bønnens og takkens rökelse, med bekjennelsens frukt til frelse, et helhjertet offer, velbehagelig for Faderen på grunn av deg. Gi så at det ved våre gudstjenester kan være et rikt samfunn, du i oss og vi i deg, og vi være ett ved deg, så vi kan smake frelsets glede og den kommende verdens krefter og prise din herlighet i ditt tempel alle vårt livs dager. Amen.»

(Etter «Innledning til prestetenesten» (1888/1933, ny utg. v. biskop Bjarne O. Weider, 1969. Til innleiinga av denne bona står Salme 27,4, og Ap. gj. 2,42.)



Frå ordinasjonsgudsteneste Fana kyrkje 300878.

Bakerst: Sokneprest Otto Odland, Garnisonsprest Terje Løvstad, Res. Kap. Stein Eirik Foss, Res. Kap. Asle Dingstad, Res. Kap. Tor H. Nielsen.

Framst: Prost Olav Fjose, Sokneprest Ingvard Hageberg, Sokneprest Audun Brommeland, Domprost Karl M. Vikse. Biskop Thor With sitt helsingssord til ordinansen var Joh. 3:30: «Han skal veksa, eg skal minka.» (Foto: Ronny Sovik)



Inngangsprosesjon ordinasjonsgudsteneste Fana Kyrkje 300878. (Foto: Ronny Sovik)

Bla i denne min gudstjenesten og min gudstjenesten.  
M. J., som du har altid tilberedt Guds ord og  
at du vil gjøre dette med veldring over din menighet.  
Guds ord vil gjøre deg til  
veldring over din menighet.

Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg!

Gudskriften og den heilige levende Guds ord  
som du vil gjøre til veldring over din menighet.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg!

Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.  
At du vil gjøre til veldring over din menighet.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.

Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.


Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.  
At du vil gjøre til veldring over din menighet.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.

At du vil gjøre til veldring over din menighet.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.

At du vil gjøre til veldring over din menighet.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.

At du vil gjøre til veldring over din menighet.  
Du giv meg hjælpemiddelet gaa deg i din døde gudstjenesten.


Presteordinasjonsritualet, Dnk: Alle  
prestar har i ordinasjonen for «den  
allvitande Guds åsyn», biskopen, og  
kyrkja med løfte og handslag gått inn  
på å «forkynna Guds ord klårt og reint,  
som det er oss gjeve i den heilage  
skrifta, og som vår kyrkje vitnar om det  
i si truvedkjenning...»



Kyrkjeleg Fornying, sterkt  
inspirasjonskilde for mange  
prestar og lekfolk frå sist på 60-  
talet.




Kapellan  
i Fjell og  
Vegleiar SKG  
Bjørgvin og  
Stavanger,  
1999



Med ein trufast ven på Glesvær,  
1991



Bud Prestegard, 1986



Visitas i Hustad kyrkje, februar 1989.  
Biskop Ole Nordhaug, omgjeve av  
Stiftskapellan Ottar S. Myrseth, og  
Buapresten.



Bud kyrkje, altaret, Bud Prestegjeld,  
1988




Radio har også vore eit kallsprosjekt.  
«Svennm» live på «Kystradioen»,  
Kystradioen, april 1991. (Foto Jone  
Nyborg) 7

Barnedag i Oen

# Fisking i Øygarden

Onsdag, torsdag og fredag (12.-14. november) arrangerte "Teamet" barnedagar i Oen Bedehus. Det var omrent 30 born som kom på samlingane, der me snakka om temaet "får de fisk", song i lag og me "fikk besøk" av Linkus frå Superblinkland som fortalte om Barnas misjonsprosjekt i Peru og samla inn pengar. Utloftning hadde me òg, til inntekt for prosjektet. Fredagen fekk me besøk av Inger Marie Blom, som fortalte oss frå åra ho har hatt i Bolivia og korleis me kan vera menneskefiskarar her i Norge. På slutten av kvar samling åt me i lag, og lamaen spytta bortover veggen (den viste oss kor mykje pengar me hadde samla inn.) Det blei over 3000 kroner til Barnas Misjonsprosjekt.

Barnedagane blei avslutta med familiemøte på Vik Bedehus på søn-



dagen. Der var det fullt hus! KRASP var òg med, og dei gleda oss med fin song.

Takk for koselege dagar i Oen Bedehus.

Av Beate Augestad

# Skjærgårdsheimen 6-7 kl leir

24-26 oktober var det tid for 6-7 kl leir på Skjærgårdsheimen! Vi var samlet en hel gjeng fra hele Øygarden, og det ble en kjempekjekk helg! Det var mye forskjellig som stod på programmet. Både lørdag og søndag hadde vi bibeltime der vi fikk høre om Paulus – den første

misionæren. Paulus-filmen fikk vi også se. I tillegg hadde vi bli-kjent-samling, møter, Olympiske leker, morokveld, bingo og kiosk! Det var en kjempekjekk leir, til tross for at vinden og regnet gjorde at vi måtte være mest inne.

Av: Herborg Kari Bondevik Evensen



# KONFELEIR!

Fredag 21. november reiste ein kjekk gjeng med konfirmantar på leir til Sætervika. Det vart ei flott oppleveling både for leiarar og deltakrar. Veret var strålende med sol og snø, og det passa fint, for Jon Amador og dei andre leiarane arrangerte vinter-OL på lørdagen. Det var skikkelige greier med både OL-seremoni og mange ulike idrettsgreiner. Konkurranseinstinktet var det heller ingenting å seia på, og Beate tente OL-elden med flagrande lyse lokkar... ☺

Eit anna høgdepunkt denne helga var underhaldningskvelden. Både konfirmantane og leiarane var kreative og kom med mange morosame bidrag.

Ellers var tema for leiren at "Gud har ein plan med deg!", og vi hadde både andaktar, ord for natta, bibelsamlingar, Josef-filmen, song og musikk. Vi fekk også sjå eit intervju med det kristne pop/rocke-bandet "Delirious". Dei fortalte om korleis dei hadde blitt kristne og korleis dei tener Gud i kvardagen med musikk. Det er ikkje tilfeldig at vi er skapt akkurat slik vi er, og Gud vil bruke oss på mange forskjellige måtar.

Då vi på bussen heimover spurte nokre konfirmantar om dei hadde hatt ein fin tur, var svaret at det hadde vore heilt topp og at dei gjerne ville dra på konfirmantleir til våren igjen også!

Av: Trine Overå Hansen



**Kjøp kjapt,  
trygt  
og billig**

**KIWI** mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørdager til kl. 20.00.

### **Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø**

Hør lokale til ca 100 personar:

Arrangerer byllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilhøringar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.

Middag, koldtbord og snittar.

**Tlf. 5638 9380**

### **BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP**



K.H. Polden  
Tlf. 56 33 45 88

Tom Wilson  
Tlf. 55 18 50 80

Teatergt. 20, 5010 Bergen

**Tlf. 55 21 44 50**

Mobil 917 51 700

- DOGVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilhørende  
for giavende som ønsker å gjøre noe selv.



### **Åsane Begravelsesbyrå AS**

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

### **Solstrands Begravelsesbyrå**



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09**

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

### **Inderøy Taxi & Transport**

1 - 11 passasjerer

Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

### **Rossnes Taxi**

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på

tlf: 56 38 91 91 / 951 12 634

### **Gravminner**

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

### **Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ**

- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )

# Gode lesar


**V**i er midt i november og det betyr at no er det tid å tenkje på juleposten. Her i Afrika stig varmen og me frys ikkje. Eg sit og høyrer på litt julemusikk, sidan dette er ei julehelsing. Vi fekk ein samle-cd for nokre år sidan med diverse julemusikk. Litt nyt og litt gammalt. Det er ein song som slår meg mens eg sit her i varmen. For nokre år sidan gav ulike popartister ut ei plate til inntekt for Afrika. Dei kalla seg -Band Aid- dei syng så frimodig og beklageleg om: -It won't be snow in Africa this Christmas time- (-det blir ikkje snø i Afrika denne jula.) Heime i Noreg vert vi litt forskrekka om det skulle komme snø på sommaren!! Endå meir forskrekka ville eg vore om det kom snø i Afrika på sommaren!!!! (Ei slik klimakrise får eg håpo vi slepp å oppleva!)

Vi har ikkje snø, men like fullt kjem jula her som i Norge. Litt andre/mindre krav har vi kanskje her enn heima. Det som eg synest er godt, er at det ikkje er snøen som avgjer om det er jul eller ikkje. På mange måtar føler eg at vi er nærmare den første jula her enn i Noreg. Her går det an å forestille seg at hyrdingane er ute og held nattevakten over sauene sine, her er nok av farer i så måte. Ein stjerneklar nattehimmel gjer det ikkje vanskeleg å forestille seg dei vise menn som fylgjer den stjerna som lyste så klart og var så stor. Vi har det godt som får feire jul i Afrika!

Det som i nevnte sang har gitt meg meir å tenkje på er ei anna strofe: -Do they know it's Christmas time at all?-

(-Veit dei i det heile at det er jul?-) Mange veit, men du så mange det er rundt her vi bur som ikkje veit at det er jul! Jula er som ein annan dag i året. Det at Gud kom til oss i Jesus er enda ukjent. Kan vi klare å rope ut denne Guds kjærleik? Utan å bruke ord?

Vi er vel på plass i området der me budde sist vi var her. Vi bur godt og har ikkje noko å klage på. Det som var spennande, var om vi ville treffe att dei av våre venner vi forlot for eit år sidan. Mange har vi treft att og så har nokon flytta på seg. Janesh er i full gang med lese- og skriveopplæring. Han dreg rund på motorsykkelen både i byen og rundt her vi bur og pratar med



folk. Når han får høre at ein av studentane hans er sjuk, så dreg han for å sjå til han. Det er viktig om du vil vere ein ven å gå på besøk når den du er ven med er sjuk.

Forutan å undervise David har eg også fått moglegheit til å gje eit undervisningstilbod til kvinnene. Eg tenkte eg skulle vente litt før eg starta, men så kom spørsmålet om ikkje damene også kan få lov å lære å lese og skrive! Så no er eg i gang. Kjekt og utfordrande. Dei vil lære både swahili og engelsk, men endå kan dei ikkje skrive på sitt eige språk. Vi prøver å finne ein middelweg, og med tida kan dei både det eine og det andre språket og kanskje har dei lært litt pluss og minus også. At mødrane får lære, er med å opne for at barna vert sendt til skule i neste omgang, så dette er absolutt ein utfordring med perspektiv.

Vi utanlandsfararane vil ynske kvar og ein ei gledeleg jul og eit godt og fredfullt nytt år.

*Gode helsingar frå Christopher, David, Turid og Janesh Amenya*

## Den store lovsongen

Vi minner om evalueringsskjemaet for liturgien som har vore bruk i kyrkjelydane i Øygarden sidan 2004: "Den store lovsongen".

Viser til <http://www.kyrkja.net/euky.htm>  
I skjemaet finn de denne saman med Høgmesseliturgien av 1977-1992 som står i Gudstenesteboka. Her er óg ein del bakgrunnstoff. Me håpar de vil ta dykk tid til å sjå på desse og evaluere. Send eller levèr skjemaet til kyrkjekontoret eller legg det igjen i kyrkja.

## God jul

Sokneprest, sokneråda og staben i Øygarden prestegjeld vil ynskja alle lesarar av ØyNytt ei signa jul og eit godt nytt år.

Samstundes vil vi senda ei stor Takk til alle frivillige medarbeidarar i kyrkje-, kor-, og eldre-arbeid for godt utført arbeid dette året.

*Helsar alle med Salme 100,2: Ten Herren med glede, kom fram for han med fryd!*

## Nådegåveseminar

«Når det gjeld Andens gåver, brør, vil eg ikkje at de skal vera utan kunnskap om dei» (1.Kor. 12,1)

Velkomne til Nådegåveseminar ved seniorprest Per Fimreite i januar og februar 2009:

Samlingar på **Vik bedehus tirsdagar: 21. januar, 3. februar og 17. februar 2009**

Soknepresten tek del.

I tillegg vert det **Forbønsgudsteneste i Hjelme 25. januar 2009 kl. 16:00, og 15. februar 2009 i Blomvåg kl. 11:00.** Begge v/ Svenn Martinsen, Per Fimreite og forbønsteam.



# SparebankenVest

- satser på Vestlandet

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



Egne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag.

RONG SENTER

*Julenytt*

Mand-tred 10-18  
Lond 10-18  
TH, 56 38 86 00  
Fax 56 38 85 99

KLEOPATRA

Gave & Interiør

RONG SENTER

## Desembertilbud!

**Ansiktsbehandling  
med farging av  
vipper/bryn, og  
forming av bryn!**


**Kun 570,-**

Ordinær pris: 1000,-

**Vi selger gavekort!**

ØYGARDEN  
HUD & KROPPSPLIE  
RONG SENTER  
TLF: 56 38 95 15

*Velkommen til oss*



**Catering:**

Varme Mat  
Bryggete  
Kaffe  
Kaker

**Rong Kafe a/s**


Tlf.: 56 38 95 15

*Omskjer du  
sol hjem?*

Vi kan tilby 12 spennende  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer i vi bringer!

Vi tilbyr også informasjon om sol-

**B-P-S Solutriple**  
v/ Arvid Rønng 5613 Rønng  
mobil: 911 56 258



*Torsdag 15. januar åpner vi ny flott*

**EUROSPAR**

*med 1000m<sup>2</sup> salgsflate i Rong Senter*

De største butikkene i SPAR-kjeden i Norge heter EUROSPAR. I EUROSPAR satser vi sterkt på å gi kundene et godt utvalg i ferskvarer, ferdigmat og et utvidet og grundig varesortiment. I tillegg tilpasser den enkelte butikk varer fra lokale leverandører. Vi skal ha det beste utvalget i frisk frukt og grønnsaker, og enda en viktig ting: Vi har alltid nystekte brød og bakervarer.



*Fisk - og ferskvarespesialisten*

*Fristende frukt og grønt*

*Innholdsrik betjent ostedisk*

*Nydelige nystekte bakervarer*

*Velsmakende varm mat*

*Herlig salat - og fruktbar*

**SPAR Rong Senter**

# 25-årsjubileum på Bibelskulen Bildøy

Nest siste helga i november runda Bibelskulen på Bildøy 25 år. Det var feira med ein flott fest i Bibelskulehallen med godt over 300 gjester. Påtroppande generalsekretær i Indremisjonsforbundet, Erik Furnes, var talar denne kvelden.

Bibelskulen Bildøy, som vert nytta til sommarhotell heile sommaren, ligg utruleg flott til ved sjøen og har flott idrettshall og elles lett tilgang til naturen på Sotra. Det er kort veg til Bergen, men såpass langt unna byen at dei får sitt eige miljø ved skulen.

– Dei fyrste åra hadde dei fleste studentane sin bakgrunn frå

Indremisjonen. Dei seinare år har studentar òg kome frå andre miljø, og det har hjelpt oss til å sortere mellom det viktige i kristentrua og det som er meire miljø- og kulturbestemt, seier rektor Arnfinn Norheim, som har styrt bibelskulen dei siste seks åra.

– Vårt ynskje er å bevisstgjera ungdom, både som menneske og som kristne, og sjølvsgått vidare motivere og rekruttere til teneste på ulike nivå i misjonen.

Studentalet er ikkje like høgt no som dei fyrste åra etter at dei flytta skulen frå Bergen til Bildøy, så det vert prioritert å jobbe mykje med rekruttering. Skulen har også halvårs-studie og kort-kurs, som varer ei veke. Då kan yngre eller eldre

Påtroppande generalsekretær i Indremisjonsforbundet, Erik Furnes, var talar på jubileumsfesten på Bibelskulen Bildøy.



ta seg ei litra «friveke» og delvis fylge undervisninga og få fordjupa seg i Guds Ord. Nokre av kortkurs-deltakarane bur på skulen denne veka, medan andre bur heime.

– Vi har erfart, at den beste reklamen får vi med fornøgte studentar, seier rektor, som ynskjer alle øygardinger velkommen til eit godt fellesskap på Bildøy.



Meca  
CAR SERVICE


- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiaftalen
- Gass



**BLOM  
SERVICESENTER AS**


5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**



5334 HELLESØY  
TLF: 56388008/47755570  
ORG.NR.984589565  
e-post: hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :  
MAND.-TORSD.. 900-1800  
FRED.....900-1900  
LØRD.....900-1600



**Harkestad  
Betong AS**

Utsalg på Straume  
Tlf. 56 33 00 70

**Betong og betongprodukter**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ



**TORSVIK**

ELEKTRISKE AS  
Torsteinvik - 5337 RONG

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

[www.torsvik.no](http://www.torsvik.no)




Tlf.: 56 38 24 40 - Faks: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790


E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

## Perspektiv på livet

Som telefonvakt hjå Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det betre, samstundes som du får perspektiv på livet.



Vi søker kvinner og menn over 20 år som har orden på livet, tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg. Les meir på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no) eller ring 55 32 58 45



**Malvin  
Harkestad  
& Sønner AS**

**Alt i grunn- og betongarbeld**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

# Julehelsing frå ordføraren

Kjære innbyggjarar og tilsette i Øygarden kommune

2008 er snart omme. Me er på veg mot eit nytt år og nye utfordringar. For nokre månadar sidan var det optimisme og gode tider for næringslivet. Dei fleste såg lyst på framtida. No står me framfor ei krevjande tid, med økonomiske utfordringar og ei negativ utvikling for mange bedrifter. Dette vil og påverke kommunen si verksemid i tida som kjem.

Det er likevel slik at Øygarden har økonomiske rammer som set oss i stand til å møta ein del utfordringar.

Det er godt at noko ligg fast, noko som

verkar trygt og godt, noko me kjenner. Slik er det med jula og julebodskapen. Når det svirrar med tal, tap på aksjar og mykje synest vanskeleg, la oss søkja inn til det kjente og trygge, - det trygge som ikkje let seg påverka av kursendringar på børsen.

For mange er jula ei vanskeleg tid, for andre ei høgtid saman med familien. Kommunen yter mange tenester og våre tilsette arbeidar for at alle skal ha det så godt som mogeleg, og i jula. Eg vil helsa til dykk til alle med eit sterkt ynskje om at alle får ei god jul. Eg takkar og for året som snart er omme og ynskjer alle eit godt nytt år.



Venleg helsing

Olav Martin Vik  
Ordførar

## «Alfen fortel» - om korleis det var før

**Han er 89 år og blind, men Alf Sæle let seg ikkje stogga av det. Han har nyss komen ut med bok om gamle dagar. Boka heiter ganske enkelt «Alfen fortel», og vert seld på biblioteket og på butikken Kleopatra på Rong senter.**

Alf Sæle vaks opp i Blomvågen, men bur no på Tednabakkane. Han blir 90 år den 9. mars 2009.

- Eg er heilt blind. Men eg dikterte inn på band, og støttekontakten min, Ivar Skjetne, har skrive alt ned, fortel han.

Alf meiner at det som er viktig er at du har tanken klar. - Eg har ingenting å klaga over. Om eg ikkje kan sjå sola eller månen, så har eg likevel tankane med meg, seier han.



Alf Sæle har skrive ei bok om livet i Øygarden.

### Rivande utvikling

- Eg har fortalt kva som har hendt dei siste 100 åra. Det er for det meste historia frå Blomvåg, eller Blomøya, der eg budde. Det meste av utviklinga skjedde i slutten av 30-tallet og etter krigen. Og det har eg opplevd sjølv, fortel Alf Sæle.

- Frå 60-tallet og utover har det vore ei rivande utvikling. Mykje er positivt, men ikkje alt. Utviklinga har forandra livet her i Øygarden. Heilt annan kultur. Varemåten har endra seg, og naboskapen har vorten utvatna, fortel Alf.

### Tapt kultur

Alfen likar ikkje at ein har tapt så mykje av den gamle kulturen i lokalmiljø. Han trur ikkje alt det nye er så gjevande for bygdesamfunnet.

- Folk samlast på kaien før. No er det sjeldan du ser nokon gå etter vegen. Det er ingen fiskebåtar att. Det er daudt på

sjøen, nausta er tomme og det er ingen som driv gardsbruk lenger, sukkar 89-åringen.

- Dei gamle skikkane på gardane vert borte. Dialekten fer same vegen. Mykje framande ord er komen i bruk, spesielt mange engelske ord kjem inn i språket på grunn av oljeindustrien.

### Særpreg forsvinn

- Men Blomvågen har enno behalde den gamle gardsstrukturen, fortel Alf. - Det handla om dei fire gardane Søre Sæle, Blom, Dale, Blomvågnes. Det har kome nye hus innimellom, men ikkje så skjemmande som andre plassar med nybygg.

- Før var kvar øy eit samfunn for seg. No er alle øyane vorten landfaste. Heile vegen frå by'n er det bruer. Alf Sæle nemner dei på rad og rekke. Sotrabrua, Solsvikbru, Svelgen bru, Rongesund bru, Ulvsund bru, Osundet bru, Søre Straumesund bru, Nordre Straumesund bru, Nautnes bru. Og då er du komen heilt nord til Hellesøy. (MLA)



Kvar laurdag er det treff på Rong senter. Alf Sæle brukar å ta seg ein tur dit for å treffe folk.

## GUDSTENESTER

- 14.des **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse v/ Otto Høvik. Nattverd
- 21.des **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Egil Hjortland. Nattverd
24. des **Tednebakkane Omsorgsenter kl 11:00**  
Gudsteneste v/ Svenn Martinsen
- 24.des **Blomvåg kyrkje kl. 14:30** Familiegudsteneste  
v/ Svenn Martinsen. Song av Alis Rong
- 24.des **Blomvåg kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste  
v/ Svenn Martinsen. Øygarden Gospel syng
- 24.des **Hjelme kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste  
v/ prost Erling Kopperud. Belinda Hellesund Tomic vert  
med på kornett
- 25.des **Hjelme kyrkje kl. 12:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 26.des **Blomvåg kyrkje kl. 12:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 01.jan **Hjelme kyrkje kl. 12:00**  
Høgmesse v / Svenn Martinsen. Nattverd
- 04.jan **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse v / Svenn Martinsen. Nattverd
- 11.jan **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse v/ Per Fimreite. Nattverd
- 18.jan **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 25.jan **Hjelme kyrkje kl. 16:00**  
Forbønsgudsteneste v/ Svenn Martinsen og Per Fimreite.
- 01.feb **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
- 08.feb **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse v/ Per Fimreite. Nattverd.
- 15.feb **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Forbønsgudsteneste v/ Svenn Martinsen og Per Fimreite
- 22.feb **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse. Nattverd

## Julekonsertar i kyrkjene

Torsdag 11. desember:

**Blomvåg kyrkje kl. 19:00** – Rong Brass.

Søndag 21. desember: **Hjelme kyrkje kl. 17:00**.

**Vi syng jula inn.** Der vert Familiekoret,  
Øygarden barnekantori og Øygarden gospel med.

Søndag 21. desember: **Blomvåg kyrkje kl. 19:00**.

**Vi syng jula inn.** Der vert Lyskastaren  
barnekor, Jubelkoret og Øygardskoret med.

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døypte

#### Blomvåg:

Anna Ødegård Vik, Loddefjord  
Kasper Dale Jentoft, Veslevarden  
Robin Diego Nautnes, Knappen  
Milla Leonora Harkestad, Oen  
Nicklas Joel Knarvik, Tromsø

### Døde

#### Blomvåg:

Steinar Sperstad, Blomvåg  
f. 1953  
Astrid Sigrid Dale, Blomvåg  
f. 1926

#### Hjelme:

Adrian Solvang Berntsen, Nautnes  
Tuva Heggholmen Loftås, Tjeldstø  
Håvard Helle-Johnsen, Bergen

## T I L L U K K E

### 70år:

- 18.des Erling Andreas Torsvik, Torsvik  
20.des Kirsten Rong, Austemarka  
28.des Ingebjørg Sæle, Nordre Sæle  
02.jan Harald Andreas Torsvik Monsen, Torsvik  
29.jan Berit Jansen Breivik, Breivik  
02.feb Henning Ebbesen, Toft  
12.feb Sigrunn Bjørg Dale, Dale  
21.feb Trygve Johan Oen, Oen  
23.feb Arvid Tornøe, Nautnes

### 75 år:

- 19.des Borghild Leonora Mikkelsen, Knarvik  
08.jan Jenny Hellesund, Hellesøy  
17.jan Vivian Linnea Sulen, Oen  
03.feb Birger Alf Torsvik, Søre Sæle  
22.feb Else Miranda Mørner, Søre Sæle  
24.feb Otto Harald Lyngøy, Lyngøy

### 80år:

- 14.des Roald Johan Renså, Bakken  
16.des Mons Henry Knappen, Hellesund  
09.jan Sigrid Torsvik, Knappebrekkja 12  
13.feb Marta Haugetun, Rong  
27.feb Malvin Nikolai Rossnes, Rossnes


### 85år:

- 18.des Judit Marie Hatten, Sture  
29.des Martha Magdalena Sæle, Hjelmetunet  
13.jan Klara Marie Abbedissen, Oen  
21.jan Agathe Nautnes, Nautnes  
28.jan Brita Johanna Myhre, Hatten  
09.feb Sverre Martin Sæther, Blomvågnes

### 90 år:

- 31.des Margit Konstanse Dale, Flåten

**Vi formidlar blomster til innland og utland**




**Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus**

**B&M**  
Bok & Media

**Bok & Media, Vestbok**  
Vestbokas offisielle forhandler  
Tlf: 56 31 71 63  
post@vestbok.no  
www.vestbok.no

Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG



## Barnekoret Lyskastaren song på Rong senter



Tradisjonen tru hadde barnekoret Lyskasteren også i år sangkonsert på Rong senter lørdagen før 1. søndag i advent. Det var mange foreldre og søskjen som hadde funne vegen til senteret for å høre på dei glade borna, som skapte julestemning med sin vakre sang. Koret vart leia av Lars Arne Vik.



### Støttekontaktar og «Øynytt-rosa».

I mitt arbeid som rehabiliteringskonsulent i Øygarden kommune, møter eg mange flotte menneske. Av desse er det nokon eg møter ofte som har eit engasjement som har gjort sterkt inntrykk på meg. Dette er støttekontaktane våre. Dei gjer ein stor innsats for at andre menneske skal få ei meir meiningsfull fritid. Støttekontaktane er tilsette som oppdragstakarar på kontrakt, og oppdraget dei får kan variere veldig. Nokon er saman med andre på faste aktivitetar og andre er kvar for seg. Dei som får støttekontakt er svært forskjellige både i alder og behov. Det som er fellesnemnaren for støttekontaktane er at dei er villig til å bruke tida si

på å gjera kvardagen betre for andre menneske.

Dette er ei gruppe i vår kommune som er nokså usynleg, men jobben dei gjer er av stor verdi og kan utgjera heile forskjellen i nokre menneske sine liv.

På grunn av at eg ser dette, har eg lyst til å gje alle støttekontaktane i Øygarden kommune «Øynytt-rosa» og seie:

**Takk for at de er der og for innsatsen de gjer!**



Med Helsing  
Anne Sissel Oen  
Rehabiliteringskonsulent